



Årsmøte 1986 vart halde på Haus skule 7/12 kl. 16,00.

Frammøte: ca 30 medlemmer.

1. Formannen ynskta alle velkomne og innkalling og saklista vart deretter samrøystes godkjendte.

Etter forslag frå form. fekk så Sparebanken Vest sine folk ordet til å orientera om banken sine tenester før det ordinere årsmøtet. Banksjef Nils Sæle og informasjonskonsulenten i Nordhordland fekk ordet etter tur til og koma med sine informasjonar om bruken av banken. Gruppesparing til turer som (Norway Cup) enten samla eller kvar for seg til 11% rente var eit av tilboda frå S.V. Renta for SMS vil auka til 10 - 12 % frå 15/12. Andre grupper som vil ha reklame på draktene må få dette godkjendte av S. V. på førehand. Det kom ellers fram at god omtale på bygda var den beste reklame for Sparebanken Vest.

2. Val av ordstyrar: Jørgen Varden vart samrøystes vald.

3. Årsmelding: Monrad Myking las årsmelding som vart godkjendte med små merknader.

4. Rekneskap: Jørgen Varden lar rekneskapen som vart godkjendte uten merknad men med endel kommentarar frå revisor Kleppe. Kva bør skje med dei tre grupene som er nedlagde O.I.L. Stikkå, Orienteringsgruppa og Hjellvikgruppa. Beholdning av utstyr t.d. drakter bør forast. Rekneskapsjema bør endrast og utgifter til lysanlegg kr. 3.446.40 bør tilbakeforast neste år.

5. Kontigent for 1987: Same som i fjor kr. 100 for vaksne og kr. 25 for born <til og med det året medl. fyller 17 år>

6. Røysterett og valbarheitsalder: Same som tidligare fylte 15 år.

7. Val: Sjå eiga liste.

8. Sponsoravtalen: For 1987 betaler Sparebanken Vest kr. 60.000,-.

9. Fysioterapeut: Same avtale som 1986.

10 Medlemsrabatt for 1987: Tilbud om 10% medlemsrabatt ved kjøp av idrettsutstyr frå Lonevåg Forbrukslag og Domus Nesttun vart godteken. På spesielle kveldar kan Domus gjeva 15%.

11 Disponering av skiltreklameintekta ved Osterøy Stadion: Intekta for 1987 vert førebels sett av til klubbhus i lag med tidligare avsette reklamepengar for 1984, 1985 og 1986.

12 Lagsavis: Brødr. Søreide har levert både fotoapperat, bildearkiv og brev til form. Brevet vart opplese på årsmøtet og deretter vart det oversendt det nye styret som må prøva og få arbeidet med lagsavis i gang igjen i ei eller anna form.

13 Delegering av arbeidet i styret: Vidareføring av ordninga der arbeidsutvalet på 5 medlemmer tek avgjerdsla i mindre saker vert vidareført til også å gjelda 1987.

14 Ymse: Osterøy Idrottslag har 70 års jubileum 15/2 1988 og til den tid bør det vera samla litt historikk om premiesamlinga.

Monrad Myking
skrivar

